

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Trondheim, 28.06.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):

Sakshandsamar:

«REF»

2021/5808

Johan Danielsen

Avgjerd i klagesak - klage på løyve til utsetting av lutzgran (*Picea x lutzii*) i på gnr./bnr. 93/1 i Vestvågøy kommune, Nordland fylke

Vi viser til klage dagsett 28.01.2021 frå Naturvernforbundet, SABIMA og WWF (klager) på Statsforvaltaren i Nordland sitt vedtak av 12.01.2021.

Vedtak

Miljødirektoratet stadfester Statsforvaltaren i Nordland sitt vedtak gjort 12.01.2021, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd. Opplysningsvesenets fond får løyve til utsetting av 2000 lutzgran (*Picea x lutzii*) til skogproduksjon på 9 daa på området som er kartfesta i søknad, på gnr./bnr. 93/1 i Vestvågøy kommune, jf. forskrift 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål §§ 5 og 7. Vilkåra i løyve frå Statsforvaltaren gjeld.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Sakens bakgrunn

Opplysningsvesenets fond (søker) søkte 14.02.2020 om å løyve til å sette ut 2000 lutzgran (*Picea x lutzii*) til skogproduksjon på 9 daa på gnr./bnr. 93/1 i Vestvågøy kommune. Statsforvaltaren i Nordland ga 06.08.2020 løyve til utplantinga.

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF klega på vedtaket den 28.01.2021. Statsforvaltaren opprettheldt vedtaket og sendte 11.05.2021 klagesaka til endeleg avgjerd hos Miljødirektoratet.

Merknader frå klager

Klager meiner at vedtaket om å gje løyve til utsetting er feil og må gjerast om til avslag på grunn av:

- Planteplikta har ikkje noko innhald då det er i strid med Aichi-måla som en del av FN-kommisjonen om biologisk mangfald, mål 9 å plante framande artar
- Det bør bli gitt tilskot til restaurering av myr i staden for å plante lutzgran
- Ein del areal kring lokaliteten det er søkt om planting på er i 2015 rekna som kalkfattig boreal hei (raudlista som sårbar – VU – på raudlista for naturtypar frå 2018)

Postadresse: Postboks 5672, Torgarden, 7485 Trondheim | **Telefon:** 73 58 05 00

E-post: post@miljodir.no | **Internett:** www.miljodirektoratet.no | **Organisasjonsnummer:** 999 601 391

Besøksadresser: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim | Grensesvingen 7, 0661 Oslo

- Det er stor fare for spreiring av lutzgran til trelause område kring plantefeltet og tiltaka mot slik spreiring må klargjerast
- Det er ikkje det same som at dei ikkje er levedyktige at spreidde sitka-/lutztre har tørre toppar, dei kan både spreie seg vegetativt og setje kongar og frø seg
- Spreiring av lutz vil auke problema med attgroing av opne naturtypar
- Ny planting vil gje auka belastning og dette kan motverkast av at det ikkje blir gitt løyve til å plante dette arealet og dei andre ca. 500 daa med sitka-/lutzgran i områda kring området det er søkt om utplanting på
- Det vil bli krevjande å få løyve frå kringliggande grunneigarar til å fjerne spreiring frå plantefeltet
- Avslag i denne saka vil gi en start på minsking av samla belastning for sitka-/lutzgran på naturverdiane i område
- Det manglar omtale av internkontrollsystem hos søkjar

Kommentarar frå søkar til klagen

- Lutz- og sitkagran er dei einaste aktuelle treslag for forynging slik skoglova pålegg skogeigar etter skoglova i dette området
- Kvifor ikkje plante sitka-/lutzgran når norsk gran og er framandt treslag i distriktet
- Opplysningsvesenets fond har fått løyve til planting v lutzgran, ikkje pålegg. Slik er Opplysningsvesenets fond ikkje pålagd å plante utanlandsk treslag
- Det er berre 5-10% av arealet som er tidlegare grøfta bakkemyr
- Områda kring er ikkje boreal hei, men alpin hei i følge lokale skogbruksmyndigheiter
- Utan påverking frå beitedyr hadde alt areal i område under klimatisk skoggrense i dag vore skog
- Området det er søkt om planting på er omgitt av sitka-/lutzbestand på tre sider og dyrkamark på den fjerde, areala kring sitka-/lutzbestandane er ikkje prega av spreiring av frøplanter frå disse, dette tyder på at det er liten risiko for spreiring
- Fjerning av all ikkje stadeigen skog vil auke CO₂-utsleppa i verda mykje
- Det er ønske om å diskutere internkontrollsystem med statsforvaltaren

Statsforvaltarens vurdering

Vilkåra for klage, er slik Statsforvaltaren ser det oppfylt både i forhold til klageinteresse og tidsfrist.

I løyve gjeven 12.01.2021 legg Statsforvaltaren vekt på:

- I Artsdatabanken sin risikovurdering frå 2018 har lutzgran blitt vurdert som svært høg økologisk risiko (SE)
- På Vestvågøy er den registrerte kortdistansespreiring på opptil 250 meter for sitka-/lutzgran. Rapportane viser også at det skjer spreiring over lengre avstandar, og at etableringspotensialet varierer mellom naturtypar
- Opne naturtypar og/eller kulturpåverka, slik som hei, ur, myr og nokre typar skog, har høgast potensiale for etablering av utanlandske bartre

- Kartlagt areal er avgrensa omtrent av høgdene Heia, Hesten, Kleften/Hammaren og Bjønntuva. Innafor drygt 1 km nordvest for feltet det er søkt om planting på ligg område med hei på ca. 1 km². Med unntak av enkelte myrområde ble disse areala klassifisert som kalkfattig boreal hei. Boreal hei er en raudlista naturtype med status sårbar (VU) i norsk raudlista for naturtypar (2018). Sjølv om heia her berre er kalkfattig, ligger den i en region der denne naturtypen er i svært sterk tilbakegang som følge av redusert beitetrykk og auka gjengroing. Rapporten viser til at det truleg er få tilsvarande store boreale heier i like god hevd i Lofoten. Miljøfaglig utredning registrerte samtidig to naturbeitemarker (verdi B) i området. Naturbeitemark er underordna semi-naturlig eng, som er kategorisert som sårbar (VU) i norsk raudlista for naturtypar (2018). Naturbeitemark er blant de opne og kulturpåverka naturtypeane som er utsett for gjengroing. I kartlegginga ble faren for spreing og etablering av granplantar frå planting det er søkt om ut i kartlagt naturbeitemark vurdert som liten. Fattig myr er og i tilbakegang, men i mindre grad i områder som dette (mellomboreal sone). Miljøfaglig utredning har vurdert den lokale samla belastninga til å være liten for både myr og kjelder i dette området
- Mesteparten av heia er vindutsett og det ble ikkje registrert langtidslevedyktige spreide sitkaplanter oppe på den boreale heia.
- Bestanden det er søkt om løyve til å plant er omkransa av sitkagran i hkl.3, dyrka mark/dyrkingsmark og lengre ned areal med hus. Ved synfaring konstaterte vi at naturleg spreingsveg for frø er nedover lia mot husa, sjølv ein ikkje kan sjå bort frå spreing i andre retningar. Det er ca. 500 dekar skog som produsera frø i områda kring, også i et bredt belte mellom plantefeltet og den boreale heia
- Det er god vegtilgang og det vil ikkje krevje nye investeringar i veg for å hente ut tømmeret i framtida
- Avsetning av sitkagran/lutzgran virke er god, og er dei viktigaste produksjonstreslaga i Lofoten/Vesterålen. Tilgrensande bestand med drivverdig sitkagran/lutzgran ble anslått til ca. 500 dekar, anslått bruttoverdi på ca. 13 mill. kr. og en samfunnsverdi på ca. 65 mill. kr.
- Klimatiske forhold med høy salinitet og mykje vind gjer at planting av norsk gran ikkje er et alternativ

Statsforvaltaren finn at utplanting av lutzgran i feltet det er søkt om løyve for planting i ikkje gir auka belastning på naturtypeane som er omtala. Dette gjer at Statsforvaltaren fann at søknaden kunne godkjennast, med disse vilkåra:

- *Søker plikter å begrense spredning av lutzgran fra utsettingsområdet. Spredning innen egen eiendom må fjernes av søker. Ved spredning til andre eiendommer må søker om mulig innhente grunneiers samtykke og deretter fjerne spredningen. Hvis eier av annen eiendom ikke tillater fjerning, må spredningen meldes til Statsforvalteren*
- *Ved en eventuell overdragelse av eiendom må ny grunneier informeres om tillatelsen og vilkårene som er satt*
- *Virksomheten/søker skal ha internkontroll. Internkontroll er ordninger som sikrer at søker og eventuelt ansatte har kunnskap om reglene i forskriften, og rutiner som sikrer at forskrift og vilkår blir overholdt. Internkontroll skal vises til ansvarlig myndighet ved forespørsel.*
- *Utplanting må være fullført innen 31.12.2027*

Statsforvaltaren kommenterer klagen slik:

- Det søkaste om å plante lutzgran etter hogst av bestand med sitkagran og det vart derfor vurdert at det neppe var betydelege naturverdiar i utplantingsområde
- Plantefeltet er omkransa av siktgran, dyrka mark og areal med hus
- Nær plantefeltet er det boreal hei og fire område med naturbeitemark av verdi B og C

- Plantene som ble registrert under synfaring i 2020 var små og sto spreidd og det ble ikkje registrert langtidslevdyktige spreidd sitkaplanter oppe på den boreale heia. Dei var ikkje råd å slå fast at plantene spreidd på heia kunne koma frå område som det er søkt planta på. Vurderinga ble derfor at spreinga frå område som det er søkt planta på ikkje utgjorde en vesentleg uheldig trussel for naturtypen
- Det er god vegtilgang og det vil ikkje krevje nye investeringar i veg for å hente ut tømmeret i framtida
- Avsetning av sitkagran/lutzgran virke er god, og er dei viktigaste produksjonstreslaga i Lofoten/Vesterålen. Tilgrensande bestand med drivverdig sitkagran/lutzgran ble anslått til ca. 500 dekar, anslått bruttoverdi på ca. 13 mill. kr. og en samfunnsverdi på ca. 65 mill. kr.
- Klimatiske forhold med høy salinitet og mykje vind gjer at planting av norsk gran ikkje er et alternativ

Statsforvaltaren finn ikkje at klagen har med seg vesentlege nye moment som kan gi grunnlag for å endre avslag av 12.01.2021 og opprettheld dette.

Miljødirektoratet si sakshandsaming og vurdering

Rettsgrunnlaget

Formålet med forskrift 25. mai 2012 nr. 466 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (forskrifta) er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfaldet, jf. § 1. Etter § 5 er det krav om løyve til utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål. Løyve kan berre bli gitt dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Dersom det ikkje er grunn til å tru at utsettinga vil føre til vesentlege uheldige følgjer, skal spørsmålet om løyve skal bli gitt eller ikkje avgjerast etter ei skjønsvurdering, der omsynet til uheldige følger for det biologiske mangfaldet skal vegast opp mot andre interesser. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorgansimer medfører risiko for det biologiske mangfaldet. Prinsippa i nml. § 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer for vurderinga, jf. nml. § 7.

Kunnskap om lutzgran

Lutzgran er i Artsdatabanken si risikovurdering i 2018 kategorisert med svært høg risiko (SE). En årsak til den høge risikoplasseringa er at lutzgran viser tydeleg spreieing inn i kystlynghei, kulturpåverka tørre areal, ulike opne naturtypar og forstyrta mark. I slik område kan lutzgrana danne svært tette bestand og endre naturtypen og fortrenge anna naturmangfald. Lutzgran er det treslaget med flest registrert forvilla førekomst i Artsdatabanken sin Fremmedartsbase. Kongleproduksjonen hos lutzgran begynner i ung alder, gjerne hjå ca. 20 år gamle trær. Produksjonen av frø er stor, og arten kan ha gode kongleår med 3-5 års mellomrom. Arten har dårleg forynging i svært skuggefull skog, men etablerer seg godt på mineraljord og tynne mosedekker, dels i halvskygge. De fleste dokumenterte naturlig spreidd tre står innanfor 200 m frå morbestand. I DN-utredning 8-2012 står det at grensa for kortdistansespreieing (Nygaard m. fl. 1999) er 80 meter med ei maksimal observert forynging på inntil 20 000 unge planter pr. dekar. I same utredning antakast langdistansespreieinga å kunne bli på opptil 1739 meter når vinden bles med 10 m/s og 3477 meter ved 20 m/s.

Vurderingar

Lutzgran er i framandartslista frå 2018 i sett kategorien svært høg økologisk risiko (SE). Vi legg til grunn at arten har god spreieingsevne og kan ha stor negativ effekt på naturmangfaldet.

Vi finn disse naturverdiane som etter vår vurdering er relevant for saka:

Raudlista artar

Art	Status	Avstand
Kildegrens	Nær trua	1500 - 2000 m

Viktige naturtypar:

Naturtype	Status	Avstand
Holdalsvatn, Rik kulturlandskapssjø	Viktig	1000 - 1500 m
Holdal sør, Naturbeitemark	Viktig	1000 - 1500 m
Floget ved Klevstad, Naturbeitemark	Viktig	1000 - 1500 m
Klevstad øst, Kilder og kildebekker	Viktig	1000 - 1500 m
Borge prestegård, Naturbeitemark	Lokalt verdifullt	1000 - 1500 m

Vi finn to registreringar av spreidd sitkagran i Artskart. I tillegg veit vi frå sakspapira at det er bestand med sitka-/lutzgran på tre sider av plantefeltet.

Vi merker oss at dette er replanting av areal som før har hatt sitkagran. Utplantinga kan gje negativ påverking på en relevant registrert raudlista arta og fire regionalt viktige og en lokalt naturtype. Dette er etter tilhøva få og ikkje svært viktige truga naturverdiar. Alle førekomstane ligg meir enn 1000 meter frå det planlagde plantefeltet. Miljødirektoratet si vurdering er at plantefeltet ikkje vil ha stor negativ verknad på naturmangfaldet slik det kjem fram i dei registreringane som ligg føre.

Område det er søkt om planting av lutzgran på er omkransa av sitka-/lutzgran på tre sider og dyrkamark på den fjerde. Dette vil motverke frøspreiing frå dette bestandet. Det er ikkje rimeleg å anta at denne utplantinga vil gje monaleg større spreieing av utanlandske treslag inn i heiområda ovanfor enn det som alt skjer frå etablerte bestand.

Det er etablert vegnett i området og dette styrker den positive samfunnsmessige verknaden av tiltaket i form av verdiskaping.

Vår vurdering er at tilhøvet til FN sin konvensjon om biologisk mangfald i prinsipp er avklart gjennom utarbeiding av relevant lovverk (Naturmangfaldlova, Skoglova mfl.).

Miljødirektoratet finner derfor samla sett ikkje grunnlag for å gjere om på Statsforvaltarens vedtak.

Helsing

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Yngve Svarte

Avdelingsdirektør

Janne Øvrebø Bohnhorst

seksjonsleiar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Statsforvalteren i Nordland	Postboks 1405	8002	Bodø
Opplysningsvesenets fond	Postboks 535 Sentrum	0105	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Vestvågøy kommune	Postboks 203	8376	LEKNES